


## ØRSKOG - den gode kommunen der alle trivst og kjenner seg trygge



**Modellen "Trygge barn"** viser korleis Ørskog kommune organiserer og strukturerer tidleg innsats til barn og unge. Alle barn som veks opp i vår kommune skal vere sikra hjelp i vanskelege livssituasjonar. Barn til foreldre som misbrukar rusmidlar eller strever med psykiske vanskar, har ein kjent risiko for å utvikle eigne vanskar i løpet av oppveksten. Hjelpeapparatet har fokus på samarbeid og heilskapleg innsats overfor denne gruppa. Tilbodet må bli gitt så tidleg som muleg og helst før problema vert for store.

### **Førebygge**

Det å legge til rette for ein trygg og stabil oppvekst for kvart einskild barn, er eit viktig fokusområde for kommunen. Vi ønskjer å vere til stades på ein slik måte at vi kan hindre problem i å oppstå. Når nokon får det vanskeleg, vil vi bidra med hjelp på eit tidlegast muleg tidspunkt.

### **Avdekke**

For å kunne hjelpe, må vi vite kven som treng hjelp. Det er slett ikkje alle barn som seier frå sjølv. Vi er avhengig av kompetansen til alle som arbeider i kontakt med barn, og at kvar enkelt tilsett

- ✓ ser barn som har det vanskeleg, og kan snakke med barnet om vanskelege tema
- ✓ har tilgang til gode henvisningsrutiner og veit når dei må kontakte andre deler av hjelpeapparatet

- ✓ arbeider i eit system der avdelingane har kjennskap til kvarandre og ei felles forståing for sårbare livssituasjonar.

### **Handtere**

Når vi veit at barnet og familien har det vanskelig, har kommunen eit ansvar for å tilby tilrettelagt hjelp. Ei best muleg tilrettelegging inneber at vi må ha tilgang til gode verktøy og hjelpetiltak som passer for familiar i mange ulike situasjonar. Dette føreset at det må finnast arenaer for tverrfaglege drøftingar der dei ulike avdelingane kan dra nytte av kvarandre sin kompetanse, og at dei overordna kommunale strukturane gir rom for eit slikt fokus.

### **Evaluere**

Tenestetilbodet vårt bør og skal evaluerast kontinuerleg. Vi må snakke om tilbodet til den einskilde familie: «Bidreg vi til positiv endring, eller må vi prøve noko nytt?»

Vi må også ha gode rutiner for evaluering på systemnivå: er tenestene våre rigga slik at vi kan fange opp og hjelpe flest muleg på ein best muleg måte?

Årlege **brukarundersøkingar** til barn og foreldre, og/eller involvering av Ungdommens kommunestyre og brukarorganisasjonar, kan gi oss nyttig kunnskap i evalueringa.

## **Meir informasjon om den digitale modellen «Trygge Barn»**

Ørskog kommune v/Helseavdelinga søkte i 2017 om prosjektmidlar frå Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) for å utarbeide ein god modell for tidleg identifikasjon og oppfølging av utsatte barn. Med utsatte barn tenker vi her på barn og unge som lever i familiar der det er psykiske vanskar eller rusproblem. Eit av krava Bufdir hadde var at vi skulle utarbeide ein digital modell på tre nivå: Kommune, etat og individ. Den digitale modellen «Trygge Barn» viser korleis dei ulike tenestene og nivåa i Ørskog kommune arbeider for tidleg innsats.

Målet med arbeidet er at risikoutsatte barn skal identifiserast på eit tidleg tidspunkt. Vaksne som arbeider med barn skal kjenne til mulege risikofaktorar og symptom som kan gi grunn til bekymring. Modellen har eit førebyggjande perspektiv og legg vekt på tidleg innsats som ein viktig faktor.

For å styrke tidleg innsats må vi:

- ✓ Auke tilsette sin kompetanse på risiko- og førebyggjande faktorar.
- ✓ Auke tilsette sin kompetanse til å handle ved bekymring for barn/ungdom/familiar

- ✓ Ha rutinar og prosedyrer for tidleg innsats i alle tenester som arbeider med barn og unge og deira familiar
- ✓ Styrke tverrfagleg samhandling omkring barn, unge og familiar i risiko.
- ✓ Utvikle tenester til barna sitt beste

Ein digital modell er eit nyttig og lett tilgjengeleg verktøy som er enkelt å justere og vidareutvikle. Modellen gir ei oversikt over samhandlingsarenaer, kunnskap, ressursar og konkrete verktøy for å identifisere og følgje opp målgruppa.

Prosjektgruppa er ansvarleg for å implementere modellen i alle einingar som arbeider med barn og unge, samt evaluere og oppdatere modellen for endringar fram i tid. Kontakt oss om du har innspel til den digitale modellen.

### **Prosjektgruppa for «Systematisk identifikasjon og oppfølging av utsatte barn»**



(Foto LHJ)

Linda Hoff Johansen (prosjektleder)

[Linda.Hoff.Johansen@orskog.kommune.no](mailto:Linda.Hoff.Johansen@orskog.kommune.no)

Tone Dahl-Ystenes

[Tone.Mittet.Dahl-Ystenes@orskog.kommune.no](mailto:Tone.Mittet.Dahl-Ystenes@orskog.kommune.no)

Sylvi Sjøholt

[Sylvi.Sjoholt@orskog.kommune.no](mailto:Sylvi.Sjoholt@orskog.kommune.no)

Einingsleder for Helseavdelinga

Einingsleder Årøyhaugen barnehage

Leiande helsesøster